




GULATING
LAGMANNSRETT

NOREGS DOMSTOLAR

Årsmelding 2023



Tingrettane
i lagdømet



ÅRSMELDING
GULATING
LAGMANNSRETT 2023

Tingrettane i lagdømet	2
Domstolsleiaren har ordet	4
Organisasjon og bemanning	5
Saksavvikling og statistikk	7
Saksavvikling i perioden 2018–2023	9
Aktuelle saker	10
Pasientskadeerstatning – utgiftsnivået i et annet land	10
Karmøysaka	11
Krenket turbok retten til privatliv?	12
Trikkebyen	13
Rettsmekling i lagmannsretten og forholdet til tingrettens dom	16
Erfaringar frå ein konstitusjon i Høgsterett	17
Eit innblikk i kvardagen til jordskifteutgreiaren i Gulating lagmannsrett	18
Aktørportalen for meddomarane	19
Nordisk samarbeid	21
Gulatingseminar med sus frå farne tider	22
Tilsette i Gulating lagmannsrett i 2023	23
Jordskifterettane i lagdømet	25
Gulating lagdøme	26

Domstolsleiaren har ordet

Etter eit par pandemi-år var me klare for eit normalår, og sett utanfrå har me hatt det. Men på innsida av organisasjonen har det skjedd mykje. Året 2023 var framleis nytt då den mest erfarne avdelingsleiaren gjekk av med pensjon, og førstelagmann Magni Elsheim blei kalla til Høgsterett som konstituert dommar fram til sommaren. Underteikna tok midlertidig over. Etter sommaren vart det ny konstitusjon i Høgsterett for førstelagmannen og ny konstitusjon for underteikna her. Når domstolsdrifta likevel har gått som før, er det teikn på at verksemda har vore godt organisert og at alle medarbeidarane har visst kva dei har hatt å gjera – og har gjort det! Såleis har vi, med noko svakare bemanning, klart å halda avviklingstakt oppe og tidsbruk nede.

Dei siste åra har arbeidsmåtane for dei tilsette og aktørane blitt stadig meir digitale. Advokatane har allereie i nokre år vore på Aktørportalen. Det inneber at det meste av kommunikasjonen mellom dei og lagmannsretten går digitalt. Når domstolen eller ein advokat har lasta eit dokument opp i Aktørportalen, får dei andre aktørane tilgang til dokumentet med ein gong. Nytt i 2023 er at meddommarane er på Aktørportalen. Det inneber at kommunikasjonen også mellom dei og lagmannsretten går digitalt. Dei svarar på innkalling, sender reiserekning og får tilgang til saksdokumenta frå eigen pc. Meddommarane har framleis høve til å nytta «gamle-måten» med postgang, men fleirtalet vel «nye-måten». Og korleis ein meddommar vurderer dette, kan du lesa om lenger ut i årsmeldinga.

I 2023 har Gulating lagmannsrett avvikla eit par saker som har fått stor medieomtale; Karmøysaka og Helge Ingstad-saka. Karmøysaka gjekk i Stavanger tinghus og var ei utfordring med tanke på tilrettelegginga rundt sjølve saka. Haugaland tingrett bidrog med sine erfaringar og Sør-Rogaland tingrett bidrog med utlån av lokale. Det gamle tinghuset i Stavanger er ikkje bygd med tanke på at over tjue journalistar ville fylgja saka. Journalistar har ikkje lenger berre ei blokk på fanget. Dei har pc og treng internett og lademogelegheiter som ikkje var tenkt på då salen var ny. Fleire sakkunnige omkring i Europa, med ulike språk, skulle delta samstundes. Dei skulle høyra dei andre sakkunnige, forklara seg og svara på spørsmål, slik at både retten og aktørane kunne fylgja med, og pressa kunne både fylgja med og formidla. Det var mange tilsette som kvar på si måte bidrog til at gjennomføringa gjekk greitt.



Lagmann Rolf Strøm – foto: Janicke K. Vognstolen

Helge Ingstad-saka trong mindre tilrettelegging reint fysisk, fordi saka vart gjennomført i ein moderne sal i eit moderne bygg; Gulatingbygget i Bergen. Her har det også blitt avvikla mellom anna ei omfattande øko-krim-sak frå Sogn og ei stor entreprisesak i 2023.

Også kortare saker kan vere prega av stort alvor. Det er nok å visa til drapssaker og overgrepssaker. Hovudtyngda av saker er likevel mindre alvorlege sett utanfrå, men viktige for dei det gjeld. Det kan vera saker om barn og familie, økonomisk oppgjær, tolking av avtaler og mykje anna. Ikkje alle desse sakene ender med dom. Om lag ein sjettedel av sakene vert løyst gjennom forlik. I Gulating lagmannsrett brukar tre dommarar til saman eitt årsverk for å identifisera og mekle saker som potensielt kan forlikast. Retten kjenner jussen, men det er partane som veit best kvar skoen trykker og kan finna praktiske og levelege løysingar. Har ein ikkje råd til å tapa ei sak, bør ein ha råd til eit forlik. Mykje pengar og ressursar vert spart både for partar og domstol på det viset. Det er framleis meir enn eit munnhell at eit magert forlik er betre enn ein feit prosess.

Oppsummert er sakstilfanget i Gulating lagmannsrett breitt, oppgåvene er interessante og gleda ved å løysa opp i konflikhtar og juridiske flokar er stor. Når det gjeld problemstillingar som dukkar opp, er det framleis slik at verkelegheita overgår fantasien.

Rolf Strøm
lagmann

Organisasjon og bemanning

Gulating lagmannsrett er leia av ein førstelagmann. Førstelagmannen, tre lagmenn og direktøren utgjer lagmannsretten si leiargruppe.

Leiargruppa har i 2023 vore:

- Førstelagmann Magni Elsheim
- Lagmann/avdelingsleiar Martin Tenold/
Roar Klausen frå 1. april 2023
- Lagmann/avdelingsleiar Rolf Strøm
- Lagmann Guri Elisabeth Molven
- Direktør Kari Tepstad Utvær



Lagmann Rolf Strøm har vore konstituert som førstelagmann i to periodar i 2023 i samband med at førstelagmann Magni Elsheim har vore konstituert som dommar i Noregs Høgsterett.

I 2023 har lagmannsretten hatt 33 faste dommar-embete, inkludert førstelagmannen og lagmenn. Omlag 40% prosent av dommarane er kvinner.

Domstolen har ein direktør, 8 juridiske utgreiarar og omlag 25 saksbehandlarar/ administrative stillingar, inkludert sekretariatsleiar og sikkerheitssjef.

Lagmannsretten har i 2023 hatt 7 ekstraordinære lagdommarar. I tillegg har me nytta tilkalla dommarar frå tingrettane i lagdømet.

Gulating lagmannsrett er delt inn i følgjande avdelingar og utval/einingar:

Administrasjonsavdelinga

Administrasjonsavdelinga har ansvar for felles-tenester som budsjett, HR, IKT, sikkerheits- og servicetenester, rettsbetjentar, informasjon og andre stabsoppgåver. Avdelinga vert leia av direktøren. Til avdelinga ligg òg eit sekretariat.

Sekretariatet

Sekretariatet består av om lag 15 faste sakshandsamarar og vert leia av ein sekretariatsleiar. Sekretariatet har som hovudoppgåve å leggje til rette for ankehandsaminga av sivile saker og straffesaker i lagmannsretten.

Dei dømmende avdelingane

Dommarane er organiserte i to avdelingar, som vert leia av kvar sin lagmann. Dommarane handsamar ankar over dom, orskurd og vedtak i sivile saker og straffesaker, førsteinstanssaker, overskjønn og ankar frå jordskifterettane.

Ankeutvalet

Dommarane i lagmannsretten gjer etter turnus teneste i ankeutvalet. Ankeutvalet er bemanna av fem dommarar og vert leia av ein lagmann. Kvar utvalsperiode er på 8-9 veker, og det er eigne ankeutval i rettsferiane. Ankeutvalet avgjer ankar over orskurd og vedtak i straffesaker (til dømes fengslingssaker), ankeprøving over dom i straffesaker (siling), anke over orskurd og vedtak i sivile saker. Dommarane i ankeutvalet har òg ansvar for saksførebuinga av ankar over dom i sivile saker og i dei fleste straffesakene.

Utgreiareininga

Utgreiareininga er knytt opp til ankeutvalet. Utgreiarane førebur og skriv utkast til avgjerder for dommarane i anke over orskurd og vedtak i sivile saker, utkast til vedtak når ankar over dom i sivile saker vert nekta fremma og utkast til vedtak når det ikkje vert gjeve samtykke til anke i barnevernssak. Utgreiarane handsamar òg spørsmål om innsyn og

gjev bistand til sjølvprosederande partar. Jordskifte-utgreiaren gjev særskilt bistand til jordskiftelagdommaren, og deltek i tillegg i anna utgreiararbeid. Utgreiareininga vert leia av lagmannen for ankeutvalet og nestleiar for eininga.

Utnemnde/tilsette i 2023:

Lagmann
Roar Klausen (avdelingsleiar frå 01.04.2023)

Lagdommarar
Kjetil Myhrvold (frå 01.01.2023)
Anne Horn (frå 28.08.2023)

Konstituerte lagdommarar
Ørnulf Øyen (frå 13.03.-19.06.2023)
Katrine Knudsen Mæle (frå 01.09.2023)

Saksbehandlarar/administrasjon
Line Skare Morchmann (frå 19.06.2023)
Anne Gurine Geurts-Hansen (frå 04.12.2023)

Utgreiarar
Rebekka Søvik (frå 01.09.2023)
Pia Schjøtt (vikar frå 01.09.2023)

Ekstraordinære lagdommarar
Martin Tenold (frå 30.05.2023)
Berit Moldskred Mo (frå 01.08.2023)

Vikarar
Marie Helgesen Heibø (frå 13.04.2023)
Ole Ludvig Indahl (frå 07.08.2023)

Slutta i 2023
Lagmann
Martin Tenold (til 31.03.2023)

Lagdommarar
Berit Moldskred Moe (til 30.06.2023)
Jon Atle Njøsén (til 30.06.2023)


Konstituert lagdommar
Ørnulf Øyen (til 19.06.2023)

Saksbehandlarar/administrasjon
Sofie Thomassen Pova (26.02.2023)
Linda M. Moen (til 31.12.2023)
Hanna Finne (vikar til 28.02.2023)
Kaja Sawczuk (vikar til 08.06.2023)
Ilva Johanne Aatangen (vikar til 31.08.2023)
Jatin J. Patel (vikar til 31.08.2023)

Utgreiarar
Siri Nyhus Kolbjørnsen (til 30.08.2023)
Line Djupvik Andersen (til 04.10.2023)

Rettsbetjent
Ove Johannessen (til 31.05.2023)

Organisasjonskart for Gulating lagmannsrett



Saksavvikling og statistikk

2023 var eit travelt år i Gulating lagmannsrett, med stor aktivitet og høg saksavvikling. Me avvikla fleire lange og omfattande saker både i Bergen og i Stavanger.

Tendensen me har sett over fleire år med færre innkomne ankesaker har dei siste par åra stabilisert seg både for straffesaker og sivile saker. I 2023 fekk me inn færre ankar over orskurd/vedtak i sivile saker. Utover dette var innkomsten av saker i stor grad stabil, og med små variasjonar.

Me har innanfor fleire saksområde fått ned behandlingstida og behaldninga. Me avslutta difor året med ei behaldning og ein berammingshorisont som gjev oss eit godt utgangspunkt for 2024.

Sivile saker

Lagmannsretten fekk inn 336 ankar over dom i sivil sak, og me avgjorde om lag like mange saker. Behandlingstida gjekk ned til 5 månader, og er med dette godt innanfor Stortinget sitt mål om gjennomsnittleg behandlingstid på 6 månader. Me har dei

siste åra redusert behaldninga av sivile saker, og avslutta 2023 med ei behaldning på 134 ankesaker. Dette inneber at me byrjar det nye året med ein akseptabel berammingshorisont, og at partane kan få saka si opp til ankeforhandling innan 5-6 månader. Saker som hastar, vert beramma raskare.


Lagmannsretten kan òg tilby rettsmekling, som eit alternativ til å gjennomføre ordinær ankeforhandling. I 2023 vart det rettsmekla i 54 saker, og 80 % av desse vart endeleg avgjort ved forlik. Dette er eit resultat vi er godt nøgde med.

Straffesaker


Lagmannsretten mottok totalt 433 ankar over dom i straffesaker og avgjorde like mange ankeprøvingskrav i løpet av året.

I 2023 vart 40,8% av ankane i straffesaker fremja til ankeforhandling. Dette er lågare enn året før. I saker med strafferamme over 6 år, vart 74,4 % fremja til ankeforhandling.

Anke over dom i sivile saker



Straffesaker til ankeforhandling



Ved årsskiftet er behaldninga av saker som er fremja til ankeforhandling 91 saker. Dei fleste av desse gjeld anke over skuldspørsmålet/bevisankar. Behandlings-tida er i snitt på 5,9 månader og innanfor vårt interne mål om 6 månader. Me har lengst behandlingstid for bevisankar med strafferamme over 6 år. For desse sakene er behandlingstida 6,7 månad, som er noko lengre enn i 2022. Ved starten av 2024 har me ein berammingshorisont på 4-6 månader.

Anke over orskurd/vedtak i straffesak



Me har motteke 495 ankar over orskurd/vedtak i 2023. Dei fleste av desse sakene gjeld varetektsfengslingar. Andre vanlege sakstypar er mellombels beslag av før-arkort og besøks/kontaktforbod. Sakene er prioriterte og vert behandla skriftleg etter kvart som dei kjem inn, med ei gjennomsnittleg behandlingstid på fem dagar.

Anke over orskurd/vedtak i sivil sak

I 2023 fekk me inn 248 ankar over orskurd/vedtak i sivile saker. Dette er ein reduksjon på 42 saker frå året før, noko som utgjer ein nedgang på 18 %. Behaldninga ved inngang til nytt år er 44 saker og behandlingstida er i underkant av to månader.

Avvikling av ankesaker i lagdømet

Gulating lagmannsrett er ein reisande domstol, og det har vore stor reiseverksemd òg i 2023. 49 % av straffesakene vart avvikla i Stavanger. Av dei sivile sakene vart 36 % avvikla i Stavanger og 6 % i Haugesund. For dommarane vert det mange reisedøgn til Rogaland. I tillegg avviklar me saker andre stader i lagdømet.



Saksavvikling i perioden 2018–2023

INNKOMNE SAKER	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Anke over dom i sivile saker	366	337	323	353	321	336
Anke over orskurd/vedtak i sivile saker	305	288	266	267	290	248
Overskjønn	13	16	12	14	15	15
Bevisanke over 6 år ¹⁾	71	66	45	42	43	53
Meddomsrett ²⁾	87	88	67	87	102	73
Fagdommarsaker	50	51	38	52	52	48
Ankeprøving	512	483	446	482	412	433
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	585	548	491	484	474	495
AVGJORTE SAKER	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Anke over dom i sivile saker	322	352	296	392	343	330
Anke over orskurd/vedtak i sivile saker	305	259	289	246	317	237
Overskjønn	17	11	12	16	12	19
Bevisanke over 6 år ¹⁾	68	64	54	63	49	44
Meddomsrett ²⁾	99	70	76	94	104	72
Fagdommarsaker	54	50	48	57	52	48
Ankeprøving	529	460	427	508	412	433
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	583	546	492	487	482	495
BEHALDNING	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Anke over dom i sivile saker	179	164	192	154	133	134
Anke over orskurd/vedtak i sivile saker	36	64	40	51	35	45
Bevisanke over 6 år ¹⁾	31	39	31	17	14	28
Meddomsrett ²⁾	32	49	40	41	42	42
Fagdommarsaker	15	19	12	13	15	20
Ankeprøving	20	34	48	19	20	10
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	13	15	12	10	8	9
BEHANDLINGSTID (måned)	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Anke over dom i sivile saker	4,7	5,7	6,7	6	5,3	5
Anke over orskurd/vedtak i sivile saker	1,6	1,9	1,9	1,7	2	1,9
Bevisanke over 6 år ¹⁾	5,3	5,4	8,1	7,3	5,6	6,7
Meddomsrett ²⁾	4,3	5,7	8	6,6	5,9	6,2
Fagdommarsaker	3,8	4,4	6,5	4,4	4,3	4,7
Ankeprøving	0,7	0,6	0,7	0,7	0,7	0,8
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	6	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2

1) Gjeld lagrettesaker og bevisanke over 6 år
2) Gjeld både meddomsrett bevisanke under 6 år og begrensa meddomsrettssaker

Aktuelle saker

Pasientskadeerstatning – utgiftsnivået i annet land LG-2020-146128-2

I desember 2022 behandlet lagmannsretten en sak som gjaldt erstatningsutmåling etter fødselsskade. En jente ble født på kvinneklinikken på Haukeland sykehus høsten 2012. Foreldrene hadde møttes i Houston i 2011. Mor er norsk og far er amerikansk statsborger. De flyttet til Norge noen måneder før fødselen og planen var å bli boende i Norge. På grunn av for sent utført keisersnitt fikk barnet en omfattende hjerneskade. Hun har en alvorlig type cerebral parese og er kognitivt på spedbarnsnivå. Noen måneder etter fødselen flyttet foreldrene tilbake til USA og har bodd der siden.

I 2016 traff Norsk pasientskadeerstatning vedtak der hun ble tilkjent vel 10 millioner kroner i erstatning. Foreldrene reiste søksmål og krevde at det ved erstatningsutmålingen skulle tas utgangspunkt i utgiftsnivået i USA. I USA er utgangspunktet at skadevolder må dekke alle medisinske utgifter, utgifter til bolig, stell og pleie, terapi osv. Et erstatningskrav basert på utgiftsnivået i USA vil derfor bli svært mye høyere enn et erstatningskrav basert på utgiftsnivået i Norge. Både tingretten og lagmannsretten (i 2021) kom til at det skulle tas utgangspunkt i utgiftsnivået i Norge. Lagmannsretten viste blant annet til at det var flyttingen til USA som var årsak til at erstatningskravet ble langt høyere enn det det ville blitt med utgangspunkt i utgiftsnivået i Norge.

Saken ble anket videre til Høyesterett som kom til at det skulle tas utgangspunkt i utgiftsnivået i USA. Høyesterett viste til at foreldrene hadde sterk tilknytning til USA og at sterke menneskelige hensyn tilsa at erstatningen burde utmåles med utgangspunkt i utgiftsnivået i USA. Høyesterett opphevet lagmannsrettens dom fra 2021 og det følger av Høyesteretts dom at lagmannsretten ved den nye behandlingen av saken skulle ta utgangspunkt i utgiftsnivået i USA.

Saken ble behandlet over tre rettsdager. Det var flere sakkyndige fra USA som ga forklaring på video-link, og en sakkyndig fra Norge. Partene hadde fått utarbeidet hver sin såkalte Life Care Plan. I disse var det det oppstilt anslag for de fremtidige utgiftene. Med utgangspunkt i disse planene mente staten at det

skulle tilkjennes rundt 36 millioner kroner, men at beløpet skulle nedjusteres skjønnsmessig, blant annet på grunn av skadelidtes medvirkning. Foreldrene mente det skulle tilkjennes rundt 158 millioner kroner. Lagmannsretten måtte ta stilling til sannsynlig levealder, hvilket botilbud hun hadde krav på, størrelsen på de medisinske utgiftene, om erstatningen skulle lempes, om erstatningen skulle reduseres på grunn av medvirkning, om det skulle utmåles en engangserstatning eller terminerstatning, hva som skulle være tillegget for skatteulempe basert på at familien bor i USA, hva kapitaliseringsrenten skulle være og om erstatningen skulle utbetales i kroner eller US-dollar. Lagmannsretten kom til at det ikke var grunnlag for reduksjon på grunn av lemping eller medvirkning. Det ble videre bestemt at det skulle utmåles en engangserstatning og kapitaliseringsrente på 2,5 %. Hovedregelen er at det tilkjennes 20 % tillegg for skatteulempe, men under henvisning til at det var lite belyst om det ville påløpe noen skatteulempe i USA ble det, i samsvar med statens påstand, tilkjent 5 % tillegg for skatteulempe. Det ble også avgjort at erstatningen skulle utbetales i US-dollar.

Lagmannsretten kom etter dette til at det skulle tilkjennes engangserstatning for fremtidige utgifter med til sammen 7 116 294 US-dollar, altså rundt 71 millioner kroner. Det amerikanske systemet synliggjør i større grad enn vårt system de reelle kostnadene ved pasientskader, i dette tilfellet kostnaden ved at det gikk tre timer om natten før det kom en lege som kunne utføre keisersnitt.

Saken ble en del omtalt i media fordi erstatningssummen er rekordhøy. Skadelidtes advokater mottok en internasjonal pris for arbeidet som ledet frem til høyesterettsdommen. Høyesteretts dom, altså dommen som bestemte at det skulle tas utgangspunkt i utgiftsnivået i USA, skal ifølge advokatene være enestående i verden.

Det følger av de ulovfestede lovvalgsreglene at når skadestedet er i Norge skal norsk rett anvendes. Det gjelder også utmålingen. Hvis både skadevolder og skadelidte har vanlig bosted i samme land og dette er et annet land enn der skaden skjedde, skal likevel dette landets rett anvendes. Her hadde både skadevolder og skadelidte vanlig bosted i Norge. I EUs forordning om lovvalget i saker om erstatning utenfor

kontrakt er det tilsvarende regler, og slik er reglene i stort sett alle land. Høyesterett har ikke vurdert spørsmålet med utgangspunkt i lovvalgsreglene. Det er derfor noe uvisst hvilken rekkevidde Høyesteretts dom har, altså om vi ut fra kriteriene i Høyesteretts dom skal utmåle erstatning basert på utgiftsnivået i et land skadelidte flytter til etter skadetidspunktet. Dette gir liten forutberegnelighet for skadevolder, og det vil påløpe høye sakskostnader når det skal føres bevis om kostnadsnivået i andre land.

Torstein Frantzen
lagdommer

Karmøysaka LG-2023-35039

Hausten 2023 vart ankeforhandlinga i «Karmøysaka» halden i Gulating lagmannsrett sine lokale i Stavanger tinghus. Dette er ei av dei mest omtalte drapssakene i Noreg nokonsinne, og interessa er framleis stor.

Drapet på den 17 år gamle jenta på Karmøy i 1995, vart handsama i Gulating lagmannsrett også i 1998, men då med ein annan tiltalt, fetteren til den drepne jenta. Rettssalen var den same i 2023 som i 1998.



Den gong som no, vart ein fellande dom i tingretten, snudd til frifinning i lagmannsretten. Men no var lagretten erstatta med ein meddomsrett med to lagdommarar og fem meddommarar. Ein viktig verknad av dette, var at det denne gongen vart gitt ei grunngjeving for lagmannsretten si bevisvurdering av skuldspørsmålet. Mangelen på grunngjeving, var den viktigste innvendinga mot ordninga med lagrette.

Saka hadde eit omfang og ei medieinteresse, som var krevjande for lagmannsretten å handtere. Trass uhensiktsmessige lokale, utan skilje mellom indre og ytre sone, der stort sett heile lagmannsretten sin etasje samt lånte lokale frå Sør-Rogaland tingrett vart nytta, gjekk den likevel verdig for seg. Til tider var likevel korridoren i 3. etasje omgjort til eit stort presseområde.

Den straffesaka som no var til behandling, var mot ein 53-år gammal mann, som i den tidlege etterforskinga i 1995-96, var avhøyrdd som vitne. Det var ikkje noko som knytta han verken til den drepne, åstaden, eller området der den drepne sist hadde vorte sett. Etter hans eigen forklaring, hadde han likevel vore åleine i bil på Karmøy den aktuelle natta, og han hadde ikkje noko alibi. Han hadde også frå tidlegare ein viss historikk som førte til at det vart levert nokre tips om han. Den tidlege etterforskinga var dessverre prega av ulike blindspor. Først trudde politiet at lange lyse hår i den drepne si hand, var frå gjerningspersonen, før det vart klart at dei kunne være frå den drepne. Deretter satsa politiet alt på at fetteren var skuldig.

Saka no var bygd på at nye analyser av ein prøve frå strømpebuksa til den drepne, viste seg å innehalde små mengde mannleg DNA som samsvarte med tiltalte sin referanseprøve. Etter at dette resultatet kom i mars 2019, vart ei omfattande etterforsking retta mot tiltalte. Bevisføringa var omfattande og teknisk, med ei rekke sakkunnige og sakkunnige vitner innan rettsgenetikk. Sjølv om det kunne leggest til grunn at celler har kome frå ein bestemt person, seier likevel funnet i seg sjølv ikkje noko om kor tid og korleis cellene hamna der dei vart funne. Av denne grunn var «alle», også påtalemakta, samde i at eit slikt funn ikkje i seg sjølv er nok for domfelling. På den andre sida var «alle» samde om at utan eit gjerningsrelevant funn av DNA frå tiltalte, kunne alle andre moment ikkje halde til domfelling.

Lagmannsrettens frifinning var grunna i at det ikkje var bevist at DNA-funnet hadde noko å gjere med drapshandlinga. Det var også funne fleire hår frå ukjente personar, mellom anna i den drepne sine hender. Nye undersøkingar på strømpebuksa gjort etter tingrettens dom, viste dessutan at det på strømpebuksa også var spor av DNA frå minst tre andre menn enn tiltalte. Desse undersøkingane viste også at DNA kan halde seg i nærare 30 år på tekstilar, utan at det er gjort anna sikring enn å lagre strømpebuksa i ein papirpose. I si grunngjeving var lagmannsretten kritisk til den bevisvurdering og bruk av bevis som påtalemakta hadde gjort, og dommen inneheld ein del generelle utsegner om beviskrav og bevisvurdering.

Jarle Golten Smørdal
lagdommar

Krenket turbok retten til privatliv? LG-2022-21658

Saken gjaldt krav om fastsettellesdom for at en turbeskrivelse i en bok om fotturer oppfordret eller tilskyndet allmennheten til ulovlig å ta seg inn på privat område, og krav om erstatning for utgifter til kompenserende tiltak.

I boken var turen beskrevet slik:

«Du treng ikkje reise til Geiranger i nabofylket i nord eller til Fuglesteg i indre Sogn for å finne imponerende steinmurar på høgdegardar. Berre 8 km vest for Førde sentrum ligg Fossen i Erdalsdalen, ein gard med særmerkte steinmurar og ei historie som kan ta pusten frå dei fleste.

Truleg var den avsidesliggjande garden i Erdalsdalen ein periode ein av dei rikaste i Sunnfjord. Det hadde seg nemleg slik at Ole Olson (1765-1816), som var eigar av Fossen frå 1792, tenestegjorde i major Holsts musketerkompani i Fredrikstad. Der vart han forelska i dotter til den rike urmakaren i Moss, Johan Christopher Zinke. Ole tok like godt med seg Anna Dorthea (f. 1868) til Fossen, og dei busette seg der og fekk åtte born. Anna fekk i 1832 ein stor arv frå ein bror i Moss, som gjorde ho til den rikaste enkja i soknet. Fire av sønene hennar gjekk i 1842 saman om å kjøpe Kinn kyrkje med alt jordegods for 5000 spesidalar, Ole, Kristoffer, Mads og Johan Andreas. Ein av dei, Kristoffer, budde på Ullaland i Naustdal, sjå 02-10. I 1866 kjøpte Kinn kommune kyrkja tilbake.

På Fossen er det åtte bygningar tett i tett i eit klyngetun. I tillegg er det eit kvernhus ved elva. Fleire står på høge murar i dei bratte bakkane, andre er steinbygde heilt til topps. Delar av tunet er hellelagt. Bygningane er tekne godt vare på i ettertid. Tunet er ein ekstra attraksjon for dei som tek turen opp bakkane.

Det går to stiar opp til Fossen. Frå parkeringsplassen inst i Erdalsdalen startar stien rett opp lia ved tau-banen/wiren som er montert der. Det er god sti heile vegen på austsiden av elva, forbi tunet i Kleivane og rett på stigninga opp til Fossen. Du kryssar elva på høgde med fjellgarden.

Det er også mogleg å følgje den gamle stien opp til Fossen. Den startar 1 km lengre vest i dalen, ved ei gammal utløe. Her går det tydeleg sti innover lia mot Fossen. Då kjem ein opp til garden på vestsida.»

Lagmannsretten vurderte i dommen flere spørsmål, herunder forlagets ytringsfrihet opp mot tomteeiers rett til privatliv. Etter først å ha avklart om et omtvistet område var innmark, samt spørsmål om allmennhetens ferdselsrett på sti, gjensto spørsmål om turbeskrivelsen rettsstridig tilskyndet, oppfordret eller forledet leseren til å opptre ulovlig. Det ble fremhevet at vurderingen var objektiv. Vurderingen tok videre utgangspunkt i teksten og bildebruken i boken.

En enstemmig lagmannsrett oppsummerte vurderingen slik:

«Samlet sett er det etter lagmannsrettens vurdering først og fremst de to store bildene og setningen «Tunet er en ekstra attraksjon for dei som tek turen opp bakkane» som kan være egnet til å tilskynde, oppfordre eller forlede leseren til å tro at vedkommende lovlig kan ta seg inn på innmarken til Fossen gård. Det eseren eventuelt tilskyndes, oppfordres eller for-

ledes til, er først og fremst at allmennheten kan bruke hovedstien på vestsiden av gården også forbi stikryset samt området mellom tunet og elva på østsiden. Etter lagmannsrettens vurdering er dette ikke tilstrekkelig til at turbeskrivelsen i lys av ytringsfriheten rettsstridig tilskynder, oppfordrer eller forleder leseren til ulovlig å ta seg inn i den private sone på Fossen gård. Dels dreier det seg om noe unøyaktig bruk av bilder og tekst. Dels vil tilskyndelsen, oppfordringen eller forledelsen først og fremst omhandle områder i ytterkanten av den private sone.

Lagmannsretten tilføyer at turbeskrivelsen med fordel kunne ha vært mer hensynsfull, ikke minst ved at tekst og bilder på side 88 til 89 med fordel kunne vært ledsaget av en påminning til leseren om ferdselsrettens grenser etter friluftsløven. Dette er særlig viktig der et gårdsbruk, hus mv. gjøres til et turmål. Men en viss mangel på hensynsfullhet innebærer ikke at turbeskrivelsen går utenfor de rammer ytringsfriheten setter.»

Anken ble forkastet. Erstatningskravet førte heller ikke frem. Forlaget ble tilkjent sakskostnader. Anke til Høyesterett ble ikke tillatt fremmet.

Roar Klausen
lagmann

Trikkebyen LG-2023-21743

Bergen sporveier flyttet i 1880-årene inn en ny trikkehall mv. i Lyder Sagens gate i Bergen sentrum (mellom Vestre Strømkai og Fosswinkelsgate). Lokalene hadde plass til de sporvognene virksomheten da hadde, men det fant raskt sted en vesentlig økning i antall sporvogner. Bergen sporveier flyttet derfor sin virksomhet – trikkehall, verksted mv. – til Møhlenpris. Bergen sporveisfunksjonærers forening (Foreningen) sine medlemmer – sporveisfunksjonærene – fant det da praktisk at medlemmene fikk anledning til å bo i nærheten av arbeidsgiver sine lokaler.

4. desember 1912 ble Møhlenprisveien 11 ervervet for 19 600 kroner. Eiendommen er senere benevnt Thormøhlens gate 38. I august 1914 sto to boligblokker på eiendommen ferdig til innflytning i 64 leiligheter, møterom og forretningslokaler. Byggekostnaden var 300 000 kroner. 2. mai 1921 ble grunnen mellom Konsul Børs gate og Thormøhlens gate ervervet fra Bergen kommune for 85 281 kroner. Eiendommen ble senere benevnt

Konsul Børs gate 14. Det ble oppført blokker med i alt 48 leiligheter på eiendommen. Innflytting skjedde i 1924, og byggekostnaden var visstnok 998 000 kroner. Det er de to eiendommene som er beskrevet foran som kalles «Trikkebyen». Bergen sporveisfunksjonærers byggeselskap AS (Selskapet) er eier av «Trikkebyen».

Det samlede antall leiligheter er senere noe justert. Leilighetene har ulik størrelse og standard. Verdien av mange av leilighetene kan grovt sett anslås til rundt 2 millioner kroner. Samlet verdi av eiendommene er taksert til noe over 230 millioner kroner. Takseringen harmonerer med de priser som de senere år er oppnådd ved salg av leiligheter i det ordinære boligmarkedet.

Saken knyttet til «Trikkebyen» gjelder en tvist mellom Foreningen og Selskapet. Foreningen eier 15% av aksjene i Selskapet, og har fremsatt krav mot Selskapet om innløsning av samtlige av disse aksjene. Foreningen mener at riktig innløsningssum er 17 millioner kroner. Selskapet bestrider at det er grunnlag for kravet. Selskapet mener subsidiært at innløsningssummen må fastsettes til et vesentlig lavere beløp (mellom 20 000 og 1 million kroner). Foreningens krav om innløsning er bygget på aksje-lovens regler om innløsning ved «myndighetsmisbruk». Det er også vist til prinsippet om at aksjonærene i et aksjeselskap skal behandles likt.

Konstituerende generalforsamling i Selskapet ble holdt 19. april 1913. Foreningen og 36 personer tegnet seg for aksjer, Foreningen for 24 aksjer, de øvrige for 1 aksje hver. Pålydende var 100 kroner, og den samlede aksjekapitalen var 6 000 kroner. Selskapet ble meldt til Firmaregisteret 21. april 1913 og ble registrert 5. mai 1913.

Det var opprinnelig en forutsetning at det kun var funksjonærer ved Bergen sporveier som kunne erverve aksjer, og det var forutsatt at det var sporveisfunksjonærene som skulle tildeles bolig i «Trikkebyen». Dette er bakgrunnen for en bestemmelse i vedtektene om at Selskapet ved uttreden fra Foreningen hadde rett til å innløse det uttredende medlemmets aksje(r) til pålydende. Senere fulgte det av vedtektene at Selskapet, ved uttreden fra stilling i Bergen sporveier eller fra Foreningen, hadde rett til å innløse den uttredenes aksje(r) til pålydende. Den nærmere formulering av vedtektene i Selskapet på dette punktet har variert noe gjennom årene. Det er ikke fokusert på detaljene i dette i saken; det sentrale er at det var personer som var ansatt i Bergen sporveier og/eller medlem av Foreningen

som hadde anledning til å erverve aksjer og borettil leilighetene i «Trikkebyen», og at Selskapet hadde rett til å innløse aksjene («kjøpe egne aksjer») ved uttreden/flytting. Dette ble i nærmere 100 år fulgt strengt i praksis.

Foreningen overførte kort tid etter stiftelsen av Selskapet samtlige av sine aksjer (40% av aksjene i Selskapet) til Selskapet vederlagsfritt. Senere overførte Selskapet 15% av aksjene til Foreningen som en gave. Det foreligger ikke nærmere opplysninger om bakgrunnen for disse transaksjonene. Foreningen var i følge Selskapet tidligere av den oppfatning at Foreningen eide 100% av aksjene i Selskapet og derfor indirekte eiendommene som utgjør «Trikkebyen». Selskapet har vist til at Foreningen derfor (med urette) over tid har oppfattet det slik at Foreningen var «søkkrik». Selskapet engasjerte advokat for vel 10 år siden. Det ble foretatt en gjennomgang av Selskapets dokumenter, og det er denne gjennomgangen som avklarte at Foreningen var registrert som eier av de nevnte 15 % av aksjene. Det var etter at denne avklaringen fant sted uenigheten mellom Foreningen og Selskapet for alvor ble etablert.

For tingretten gjorde Foreningen prinsipalt gjeldende at Foreningen hadde krav på borettil 11 av leilighetene i «Trikkebyen». Subsidiært ble det påstått at Foreningen hadde krav på at Selskapet oppløses. Selskapet ble i tingretten frifunnet for det prinsipale og det subsidiære kravet. Atter subsidiært ble det for tingretten fra Foreningens side gjort gjeldende at Foreningen hadde krav på innløsning av sine aksjer mot utbetaling av 17 millioner kroner. Foreningen fikk medhold i dette atter subsidiære kravet, og «prosessteknisk» er det derfor Selskapet som var ankende part for lagmannsretten. Lagmannsretten kom til at det ikke var grunnlag for kravet om innløsning av aksjene. Resultatet i lagmannsretten innebærer at Foreningen nå har tapt saken fullstendig.

Det er enighet i saken om at Selskapet i alle år etter vedtektene har hatt rett til å kjøpe egne aksjer gitt visse forutsetninger. Det er også enighet i saken om at aksjelovgivningen allerede før Selskapet ble stiftet, og i alle år deretter, har inneholdt et forbud mot kjøp av egne aksjer (som innløsning mot vederlag ved uttreden/flytting innebærer). Det er videre enighet om at Selskapet fra stiftelsen til tvisten oppsto konsekvent har forholdt seg til de lovstridige vedtektene ved at Selskapet i praksis har innløst aksjen(e) til aksjonærer ved uttreden av Foreningen, ved avvikling av arbeidsforholdet eller ved flytting.

I tillegg er det enighet mellom partene om at Selskapet ikke har kjøpt egne aksjer på grunnlag av de til enhver tid gjeldende unntak i aksjeselskapslovgivningen, og det er enighet om at Selskapet aldri har fulgt de regler om nedsetting av aksjekapitalen mv. som gjelder i slike tilfeller.

På denne bakgrunn kan det konstateres at Foreningen og Selskapet er enige om at Selskapets vedtekter med rett til innløsning av aksjer, og Selskapets konsekvente praktisering av kjøp av egne aksjer i tråd med vedtektene, i alle år var i strid med den til enhver tid gjeldende lov om aksjeselskaper.

Ved borettslagslovgivningen fra 1960-årene ble det bestemt at slike boligaksjeselskaper som Selskapet er et eksempel på, skal følge enkelte av reglene for borettslag. Fra 1960 har regelen vært at en aksjonær (andelseier) etter loven har rett til å selge sin borettil, og i tilfelle forutsetningsvis i det ordinære boligmarkedet. Någjeldende lov om borettslag har et forbud mot å stifte nye boligaksjeselskaper, og loven har en bestemmelse om hvilke rettssubjekter som lovlig kan tildeles borettil. En juridisk person har ikke behov for bolig, og juridiske personer kan som hovedregel ikke ha borettil. Foreningen faller etter gjeldende borettslagslov utenfor den kretsen av juridiske personer som unntaksvis kan ha borettil i Selskapet. Det følger altså av lovgivningen om borettslag at Foreningen ikke kan ha borettil i «Trikkebyen», og det følger av samme lov at de som har slike boretter kan selge disse på vanlig måte («som om det hadde vært en andel med borettil i et borettslag»). Det er rettslig sett ikke av nevneverdig interesse at det i vedtektene i Selskapet er en bestemmelse om at aksjeeiere skal ha borettil; Foreningen er etter loven utelukket.

Lagmannsretten la i saken til grunn at vedtektenes bestemmelse om rett til kjøp av egne aksjer, og Selskapets praksis i samsvar med vedtektene, har vært i strid med den til enhver tid gjeldende lov om aksjeselskaper fra stiftelsen i 1913. Videre la lagmannsretten til grunn at aksjonærer med borettil fra rundt 1960 – og uansett i flere tiår før søksmålet ble reist – har hatt rett til å selge sin(e) aksje(r) med borettil på vanlig måte. Dette følger uttrykkelig og forutsetningsvis av aksjeselskapsloven og borettslagsloven. Det er disse grunnleggende rettslige posisjonene som er bakgrunnen for vurderingen av de beslutningene i Selskapets generalforsamling som hevdes å være «myndighetsmisbruk» og derfor gi rett til innløsning av Foreningens aksjer.

Det Selskapet har foretatt seg – og som hevdes å være misbruk av myndighet – er at generalforsam-

lingen vedtok å erstatte de ulovlige vedtektene med vedtektsbestemmelser som ikke er i strid med aksjeloven og som er i harmoni med de bestemmelsene i borettslagsloven som er gitt tilsvarende anvendelse for boligaksjeselskaper. Det er verd å merke seg at Foreningen ikke hevder at de opphevede bestemmelsene var lovlige, og Foreningen hevder heller ikke at de nye vedtektsbestemmelsene er i strid med aksjeloven eller borettslagsloven. Foreningen hevder derfor ikke at det er uriktig at det generalforsamlingen besluttet innebærer en «legalisering» av vedtektene. Foreningen gjør til tross for dette gjeldende at generalforsamlingsbeslutningene som «legaliserer» vedtektene innebærer «myndighetsmisbruk».

Det sentrale for Foreningen er en tanke om at generalforsamlingsbeslutningene medfører en forskyvning av de underliggende verdier i Selskapet fra aksjeeiere uten borettil til aksjeeiere med borettil. Dette er, slik lagmannsretten vurderte det, ikke riktig. For det første er det lovgivningen – aksjeselskapsloven og borettslagsloven – som medfører at aksjonærer med borettil har en annen rettslig og derfor også økonomisk stilling enn aksjonærer uten borettil. Det er ikke generalforsamlingen i Selskapet som har bestemt dette, men Stortinget ved lovgivning. For det andre er dette ikke noe som har skjedd på det tidspunktet generalforsamlingen, ved de beslutningene som er grunnlaget for tvisten, sørget for å gjøre vedtektene lovlige; rettsstillingen har etter aksjeselskapsloven vært klar siden stiftelsen i 1913 og etter borettslagsloven siden 1960. Sett i sammenheng har de rettslige og økonomiske forhold uansett vært de samme i flere tiår før generalforsamlingen traff de beslutninger som hevdes å være «myndighetsmisbruk». De generalforsamlingsbeslutningene Foreningen bygger sitt krav på

innebærer ingen endring av rettsstillingen til noen av aksjonærene i Selskapet. At de tydeliggjør rettsstillingen til aksjonærer med borettil er en annen sak.

Avslutningsvis er det grunn til å peke på at Selskapet 31.12.2022 hadde negativ regnskapsmessig egenkapital. Videre budsjetterte Selskapet med en betydelig økning i den negative egenkapitalen per 31.12.2023. Dette siste skyldes store låneopptak som har vært nødvendig for å kunne iverksette større vedlikeholdsarbeider i «Trikkebyen». Det følger av dette at det innenfor aksjeselskapslovens regler ville ha vært umulig å oppfylle en dom på innløsning av Foreningens aksjer med en utbetaling i samsvar med påstanden. Som vanlig er dette oppfyllelsesproblemet i seg selv ikke til hinder for å ta Foreningens krav til følge. Den manglende muligheten for oppfyllelse har likevel rettslig betydning i et tilfelle som dette. En dom som forutsetter utbetaling av 17 millioner kroner, eller et annet betydelig beløp, kan ikke tenkes oppfylt uten at Selskapet blir oppløst og avviklet. Slik «likvidasjon» av Selskapet er klart nok i strid med selskapets formål og i strid med de øvrige aksjonærenes interesser. Det er etter aksjeselskapsloven blant annet et vilkår for innløsning av aksjer at dette ikke er til «vesentlig skade for selskapets virksomhet» eller for øvrig vil «virke urimelig overfor selskapet». Om de grunnleggende vilkårene for innløsning av aksjene hadde vært oppfylt, ville innløsningskravet, som følge av de nevnte lovbestemte forutsetningene, derfor uansett ikke ført frem. Dette fordi det ville ha medført behov for «likvidasjon» av Selskapet og derfor vært i strid med de nevnte grunnleggende kriteriene.

Stig Sjong
lagdommer

Rettsmekling i lagmannsretten og forholdet til tingrettens dom

Når saker rettsmekles i lagmannsretten, har tingretten allerede tatt stilling til saken. Parter og mekler møter derfor til rettsmekling i lagmannsretten med et annet utgangspunkt enn i tingretten. Da jeg hadde studiepermisjon våren 2023, så jeg nærmere på hvordan de involverte forholdt seg til tingrettens dom når det ble meklet i lagmannsretten.

Jeg tok utgangspunkt i rettsmeklede saker i Gulating lagmannsrett fra januar 2021 til april 2023. 51 rettsforlik ble undersøkt, da rettsforlik i foreldretvister og utenrettslige forlik ble holdt utenfor. Jeg så på tre ulike tema. Her begrenser jeg meg til ett av disse.

En dom kan ikke gå ut på noe mer eller annet enn partene har lagt ned påstand om. Et rettsforlik kan favne videre og omfatte løsninger som det ikke er mulig å gi dom for. Jeg undersøkte derfor om rettsforlikene i lagmannsretten medførte avvik fra tingrettens dom, slik at partene ble tilført ytterligere ressurser i rettsmeklingen, sammenholdt med påstander og domsslutning.

Et eksempel som belyser at partene ble tilført ressurser gjennom mekling, var en arvesak med spørsmål om eiendomsrett til foreldrenes hus, hvor partene ble enige om at den ene sønnen fikk overta huset alene mot at motpartens sønn, som ikke var part i saken, fikk forkjøpsrett til huset ved et eventuelt senere salg. Begge parter fikk en løsning som de så seg tjent med og som de ikke kunne ha krevd dom for.

Fellestrekk ved rettsforlikene der partene ble tilført ressurser gjennom mekling, var sakstypen og det forhold at tingrettens dom ikke fullt ut dekket partenes behov eller interesser. Det var i saker om arv,

arbeidsrett, jordskifte og skifte mellom ektefeller og samboere at partene oppnådde størst verdiskapning.

Funnene i undersøkelsen viser at partene ikke behøver å ha krav utover tvistegenstanden for å oppnå verdiskapning gjennom rettsmekling. Tvert imot er det gode muligheter for verdiskapende løsninger også i fordelingssaker, hvor løsningen gjerne umiddelbart fremstår slik at gevinst for en part vil innebære et tap for den annen part.

Om du vil lese mer om dette og om de andre temaene, finner du hele undersøkelsen [her](#). Og du finner en artikkel i [Rett24](#) om samme emne.

Gro Berge
lagdommer



Erfaringar frå ein konstitusjon i Høgsterett

I 2023 har Gulating lagmannsrett vore styrt av lagmann Rolf Strøm det meste av arbeidsåret. Han har i to periodar vore konstituert som førstelagmann medan eg har gjort teneste som konstituert dommar i Høgsterett. Først ein lengre periode på våren og deretter ein noko kortare periode på hausten. Saman med dei andre i leiargruppa har han – som forventat – leia lagmannsretten på stødig og heilt utmerkt vis. Innsatsen deira har gjort at eg har kunna konsentrera meg fullt og heilt om arbeidet i Høgsterett i dei periodane eg har vore i Oslo.

For meg har det vore eit lærerikt år og eit år eg kjem til å sjå attende på med stor glede. Arbeidsmiljøet i Høgsterett er svært godt og alle som arbeider der tok svært godt i mot meg. Høgsterett har òg gode og klare rutinar for det meste. I tillegg til god bistand frå alle eg møtte gjorde dei gode rutinane det lett å vera ny og koma raskt inn i arbeidet. Det er i det heile lagt svært godt til rette for at dommarane skal kunna konsentrera seg om sakene og den dømande verksemda.



Konstituert høgsterettdommar Magni Elsheim – foto Rizwana Yedicam

For meg som kom frå lagmannsretten var mykje av arbeidet lett å kjenna att. Alle sakene i Høgsterett kjem jo trass alt frå lagmannsrettane. Det er likevel store skilnader. Høgsterett er ein prejudikatdomstol og handsamar i avdeling nesten berre saker som har interesse utover den konkrete saka. Det gjer at få saker har ei klår løysing. Noko som krev ein svært grundig gjennomgang av rettskilder og argumentasjon. I motsetnad til i lagmannsrettane er bevissspørsmåla i Høgsterett som oftast avklåra og forhandlingane konsentrerte om den reine jussen. Dette gjer at rettsmøta i Høgsterett skil seg vesentleg frå ankeforhandlingar i lagmannsretten der mykje av tida går med til å høyra partar, vitne og sak-kunnige og gjennomgå skriftlege bevis.

Den tida eg var i Høgsterett fekk eg òg gjera teneste i ankeutvalet. Arbeidet der er skriftleg. Ein stor del av arbeidet går ut på å avgjera kva saker som skal sleppa fram til handsaming i avdeling. Det inneber at det er ankeutvalet som avgjer kva prinsipielle spørsmål Høgsterett skal avklåra framover. Fokus er dermed på om sakene reiser uavklårte rettslege spørsmål og om dei konkret er eigna til å gje avklåring. I denne vurderinga er det mange omsyn å ta og det var interessant å få vera med å diskutera desse spørsmåla med dei andre dommarane.

Under arbeidet i ankeutvalet fekk eg òg innsyn i korleis utgreiareininga i Høgsterett arbeider. Det er utgreiarane som førebur sakene til ankeutvalet. Utgreiareininga arbeider svært profesjonelt og systematisk og bidreg utan tvil til at Høgsterett kan fylla rollen sin som prejudikatdomstol.

Totalt sett var det eit svært lærerikt og spennande år. No gler eg meg til å ta opp att leiarpågåva i Gulating og fortsetja den stødige kursen som leiargruppa har sett medan eg var på oppdrag i hovudstaden. Året i Høgsterett har òg mint meg på noko eg allereie visste. Dei fleste sakene får si endelege avgjerd i lagmannsrettane. Høg kvalitet i lagmannsretten er difor heilt avgjerande for tilliten til domstolane og for at Høgsterett skal kunna fylla rollen si som prejudikatdomstol.



Magni Elsheim
førstelagmann

Eit innblikk i kvardagen til jordskifteutgreiaren i Gulating lagmannsrett

Gulating lagmannsrett har åtte utgreiarar, som alle er juristar. Eg er den einaste av desse som er så heldig at eg kan kalla meg jordskifteutgreiar.

Jordskifteutgreiaren arbeider saman med jordskiftelagdommaren i sakene som kjem frå dei fire jordskifterettane i lagdømet. Eg er med i rettsmøte i anker over jordskifteavgjerder, og der det vert avheimla overskjønn. Oppgåvene er då vanlegvis å skriva rettsbok og å dokumentera. Jordskifteutgreiaren er også med på rettsmeklingar saman med jordskiftelagdommaren, typisk i saker som gjeld ulike sider ved fast eigedom. I ankesaker over vedtak og orskurdar frå jordskifterettane, skriv jordskifteutgreiaren utkast til orskurd, som går til jordskiftelagdommaren og to lagdommarar for avgjerd.

I tillegg til sakene som kjem frå jordskifterettane, har jordskifteutgreiaren også oppgåver i saker frå tingrettane, på linje med dei andre utgreiarane.



Det inneber å skriva utkast til orskurd i sivile ankesaker som vert handsama skriftleg. Utkastet går til tre lagdommarar som tek avgjerd i saka. Døme på slike saker er anke over avgjerder frå tingrettane om tvangssal, gjeldsordning, sakskostnader og ulike prosessuelle spørsmål. Utgreiarane har også oppgåver ved siling av anker over sivile dommar, og skriv utkast til vedtak, etter at saka er førebudd av dommarane.

Som ein del av opplæringa mi i lagmannsretten fekk eg hospitera nokre dagar hos Hordaland jordskifterett. I nydeleg haustvær er det ikkje mykje som er kjekkare, enn å driva med grensemerking i fjellområda i Voss kommune (sjå bilete 1), eller med innmåling av grenser i Hardanger (sjå bilete 2).



Kanskje det alt i alt er jordskifteutgreiaren som har den kjekkaste og mest varierte arbeidsdagen i Gulating lagmannsrett?

Laila Pedersen Kaland
jordskifteutgreiar

Aktørportalen for meddommarane

7. februar 2023 var ein dag med stor spenning og forventning i Gulating. Då vart Aktørportalen for første gong slått på for våre meddommarar. Gulating lagmannsrett hadde før dette vore pilotdomstol for ordninga og vi var såleis den første lagmannsretten der meddommarane fekk slik tilgang. To av saksbehandlarane våre, Line L. Steffensen og Henriette B. Lillestøl, var sentrale i arbeidet med å tilpassa Aktørportalen for lagmannsretten. Dei to arbeidde tett saman med eit utviklingsteam frå Domstoladministrasjonen (DA) og lagdommarane Beate Blom og Jarle Smørdal i Gulating lagmannsrett. Etter at vi i Gulating hadde hausta erfaringar med ordninga i eigen domstol, vart det Steffensen og Lillestøl si oppgåve å læra opp saksbehandlarane i dei andre lagmannsrettane. Dette skjedde på vårparten i 2023.

Ein viktig del av førebuingarbeidet til Steffensen og Lillestøl, var å rydda opp i flytane i Lovisa. I tillegg måtte det lagast nye malar og endrast på malar. Til dømes fanst det fleire ulike malar for innkalling av meddommarar. No sit vi att med tre malar for innkalling; éin mal for sivile saker, éin mal for straffesaker og éin mal for opprykk av vara. I tillegg er rettleiingsbrevet oppdatert.

Vi har i løpet av året opparbeidd oss mykje røynsle om korleis Aktørportalen verkar for brukarane og for våre tilsette. I Gulating lagmannsrett er det i dag 1160 alminnelege meddommarar til saman i utvala frå Vestland og Rogaland. Av dei har 1054 registrert seg som brukarar på portalen. Det inneber at over 90 % av meddommarane har registrert seg, eit tal vi seier oss særst godt nøgde med.

Vi har erfart at det har vore lett å få meddommarane til å logga seg på Aktørportalen og ta han i bruk. Kallar vi inn ein meddommar som ikkje er på portalen, sender vi meddomaren ei venleg oppmoding om å registrera seg, der vi samstundes gjer greie for alle vinningane ved å bruka portalen. Utan unntak har meddommarane følgd desse oppmodingane om å registrera seg. Tilbakemeldingane vi har fått av meddommarane har vore veldig gode. Meddommarane har meldt at dei opplever at brukargrensesnittet er særst godt. DA har hatt brukarundersøking blant meddommarane og resultatene av undersøkinga syner det same – meddommarane er svært godt nøgde med ordninga. Meddommarane rapporterer at dei nye malane er tydelegare og lettare å forstå. At dei får

betre informasjon og at informasjonen i større grad er tilpassa sakstypen dei skal delta i behandlinga av.

Saksbehandlarane våre har erfart at Aktørportalen har gjort fleire arbeidsprosessar enklare og at bruken har vore effektiviserande. Vi brukar no til dømes mykje mindre tid på utsending av innkallingar, innhenting av svar på innkallingar, avklaring på om ein meddommar er habil og å handsama søknadar om fritak. Bruken av portalen har i tillegg spart oss for portoutgifter. Kontakten som no skjer via portalen skjedde før ved bruk av posten.



Henriette Bergli Lillestøl og Line L. Steffensen

Vi tok oss ein liten prat med meddommar Nina Larsen Fladseth om det å vera meddommar, og bruken av Aktørportalen. Fladseth bur på Hovland i Ullensvang kommune og jobbar til vanleg som spesialsjukepleiar.

Korleis er det å væra meddommar i lagmannsretten?

Eg tykkjer det er veldig interessant. Eg har vore meddommar i fire år og er no spurd av kommunen om å stilla for neste periode også. Det har eg takka



Meddomar Fladseth

ja til. At vi vanlege folk får koma i lagmannsretten og bidra, er viktig for rettstryggleiken og det er meningsfylt for oss som er meddommarar.

Eg har delteke som meddommar i to saker i denne perioden. Då eg blei trekt ut til den første saka, fanst ikkje Aktørportalen for oss meddommarar. På siste saka var portalen opna for oss og eg registrerte meg ved første høve.

Kva opplever du er bra med Aktørportalen? Er det noko som er mindre bra, eller som bør forbehold?

Eg tykkjer portalen fungerer veldig bra. Eg er mykje meir nøgd med denne ordninga enn slik det var før. Aktørportalen er lett å forstå seg på, og han er

lett å bruka. Om eg skal peika på noko, så kunne eg ynskt at det kom tydlegare fram i dokumentlista kvar vi finn informasjonen om praktiske ting som til dømes reiserekningar og overnatting. Då eg sist skulle av garde på sak, måtte eg til dømes leita litt for å finna opplysningane om kva for hotell eg skulle tinga rom på. Eg kan ikkje kome på noko eg saknar. Og skal de forbetra noko, må det vera det med å ordna litt betre oversyn over den praktiske informasjonen. Det må liggja lett tilgjengeleg i Aktørportalen, slik at det er lett å finna att.

Kva med varslingsstenesta?

Det er veldig bra å få varsel på mobil. Det er godt med påminning. Eg loggar meg ikkje støtt på Aktørportalen, det blir jo ikkje heilt som med Facebook... Det kan verta mange «pling», særleg i høve til habilitetsavklaringar. Men eg skjønar jo at det veldig viktig at slike ting vert avklart, og då i god tid før ein skal møta opp i ankeforhandlinga.

Korleis syns du det er å lesa dokumenta på skjerm og ikkje på papir?

Eg er har ein god pc å lesa på, så det går heilt fint for min del. Mobilen fungerer dårleg til dette. Eg opplever det mykje tryggare med elektroniske saksdokument, og slepp å uroa meg for at sakspapir kan koma vekk i vanvare.

Eg tykkjer det aller viktigaste for oss meddommarar er at vi vert godt tatt vare på og får gjera teneste på lik line med fagdommarane. I bae sakene eg har vore med på, har det vore mi oppleving.

Henriette Bergli Lillestøl, saksbehandlar
og Henriette Hinna, sekretariatsleiar

Nordisk samarbeid

For fire år sidan var Gulating lagmannsrett på Island og besøkte landsretten; den islandske utgåva av lagmannsretten. I år var det vi som fekk besøk derifrå; rett nok berre av ein dommar. Domstolsleiaren – med tittel forseti – Hervor Thorvaldsdottir hadde studiepermisjon og nytta den til mellom anne eit opphald i Bergen og Stavanger. Ho følgde saker i retten, var observatør på domskonferansar og såg meir generelt på den norske dommarkvardagen.

Hvor merka seg at her til lands er rettsmøta omfattande og at det vert brukt mykje tid på dokumentasjon/opplesing. I landsretten på Island er arbeidsforma annleis. Der brukar dommarane mykje tid på førehand til å lesa saksdokumenta, og rettsmøta er til gjengjeld svært korte. Kva som er best, kan det sikkert vera delte meiningar om. Men det er sunt for alle å erfara, og bli minna på at det er fleire vegar til mål.

Det landsretten ikkje har, er ei silingsordning i sivile saker som opnar for at dommarane, kan nekta å fremja saker der dei samrøystes finn klar sannsynlegheitsovervekt for at anken ikkje vil føra fram. Akkurat den ordninga ga Hervor uttrykk for at landsretten også gjerne skulle ha hatt. Det hadde vore ein fordel å få bruka ressursane på saker som fortener ny behandling.

Det blir neppe nokon prosessuell omvelting på Island av berre eit studiebesøk, men det er lærerikt og givande både for den som kjem og den som får besøk, og ikkje minst er det svært hyggeleg!

Rolf Strøm
lagmann



Frå vårt besøk i landsretten 2019 - Forseti Hervor Thorvaldsdottir, førstelagmann Magni Elsheim og direktør Kari Tepstad Utvær



Forseti Hervor Thorvaldsdottir på Troidhaugen i Bergen.

Gulatingseminar med sus frå farne tider

Voss tok imot lagmannsretten i oktober på beste vis; blå himmel, sol og praktfulle fargar i naturen. Det var etterlengta. Voss ligg berre ei lita togreise unna lagmannsretten sitt hovedbøl i Bergen, men grunna arbeid langs lina, blei det buss for tog. Greitt nok. Lagmannsretten er ikkje dei fyrste som har kome til bygda utan tog. Heller ikkje Olav den heilage tok tog – eller buss – då han var innom bygda i 1023. Han fekk likevel ordna med ein steinkross på Vossevangen, til minne om besøket og til påminning om den nye trua. Steinkrossen er altså eitt tusen år i 2023, og det eldste bevarte dømet på statsmakta sitt nærvær på Voss.

Voss har ikkje alltid vore i sentrum av dei store hendingane i landets historie, men vossingane har – truleg – vore tett innpå dei. I alle fall har dei skildra det slik at dei sit i minnet. Det gjeld mellom anna då nemnde kong Olav møtte bondehæren på siste dag på jobben i 1030. Det var vossingen Per Sivle som skreiv «*Dei stod på Stiklestad fylka til strid, den gamla og so den nya Tid, det som skulle veksa, mot det som skulle siga...*». Den som bar merket til Olav, var Tord Foleson. «*Daa Tord han kjende han Banasaar fekk, der fram i Striden, med Merket han gjekk, då støynde han Stongi saa hardt han kunde, i Bakken ned for han seig innunde*». Det er sjeldan det blir gitt vitneforklaringar som gjer slikt inntrykk.

Nils Bergslien var eit anna augevitne frå Voss. Han gav oss måleriet *Birkebeinerne*. Det viser dei to birkebeinarane Torstein Skevla og Skjervald Skrukka på ski over fjellet på flukt frå Baglarane og med kongesonen Håkon Håkonsson på armen. Sannferdig eller ikkje, måleriet er så overtydande at me tenkjer det var slik det var.

Og skulle du ha gløymt korleis han såg ut, Jean Baptiste Bernadotte, meir kjend som kong Karl Johan, er det berre å ta turen til Oslo. Framfor slottet har Brynjulv Bergslien (bror til Nils) laga noko som kan reknast som eit realbevis; ein rytтарstatue av kongen.

Vangskyrkja – ei over 700 år gammal steinkyrkje – var opp gjennom tida eit uttrykk for både tru og statsmakt. Framfor kyrkja, like utanfor kyrkje-

gardsmuren, ligg framleis ein unnseleg stein; Lensmannssteinen. Den vart nytta ved utøvinga av sekulær statsmakt. Steinen er i storleik og utsjånad om lag så stor som ein komfyr, men stikk ikkje like høgt opp frå bakken. Men han er høg nok til at når lensmannen stilte seg på steinen, raga han eit hovud over alle som stod rundt. Frå denne steinen leste han kunngjeringar etter kyrkjetid. Det kunne vera nytt frå statsråd og mykje meir.

Eitt tusen år etter at kong Olav var innom bygda og tvinga folk til å ta den nye trua, og like over hundre år etter at Lensmannssteinen gjekk ut av bruk som offisiell kunngjeringsplass, var den tredje statsmakt, representert ved Gulating lagmannsrett, samla til seminar 100 meter unna Lensmannssteinen. Etter å ha slått fast at utviklinga frå lesne kunngjeringar, til avis, radio og fjernsyn og no internett, har gått raskt – ikkje minst på Voss, gjekk vi i gang med første hovud-bolk på seminaret; opne rettsmøte i ei digital tid.

Med digital hjelp fekk vi først eit regeloversyn frå professor Ragna Aarli, som var med på utgreiinga «*Den tredje statsmakt*». Så fekk vi inn to representantar for den fjerde statsmakt; redaktørane Kjetil Kolsrud og Eirin Eikefjord, som også deltok digitalt. Saman med nokre dommarar deltok redaktørane i ein paneldebatt der tema var korleis det digitale opnar domstolane for samfunnet, og korleis denne openheita kan bli eit trugsmål mot personvernet om ein ikkje trår rett.

Den neste dagen var hovudtemaet born i domstolane. Her hadde vi god kompetanse i eigne rekker; lagdommar Torstein Frantzen, som har leia arbeidet med ny barnelov, ga eit oversyn mellom anna over føreslegne endringar. Lagdommar Anne Horn tok føre seg korleis alle som jobbar i domstolen på beste vis kan ta imot og høyra born som møter i retten i sivile saker. Her var det også mykje til ettertanke.

Det var også andre faglege tema på programmet, og det var rom for det sosiale. Voss er så mykje meir enn berre fagprat.

Rolf Strøm
lagmann

Tilsette i Gulating lagmannsrett i 2023

Dommarar

Magni Elsheim (førstelagmann)
Guri Elisabeth Molven (lagmann)

Dommaravdeling 1

Martin Tenold (lagmann, avdelingsleiar slutta 31.03.2023)
Roar Klausen (lagmann, avdelingsleiar frå 01.04.2023)
Rune Voll
Stig Sjong
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo (slutta 30.06.2023)
Jarle Golten Smørdal
Per J. Jordal
Grethe Strandborg
Gro Berge
Arild Oma
Eivind Pundsnes
Marie Trovåg
Arnt Skjefstad
Kjetil Myhrvold (frå 01.01.2023)
Anne Horn (frå 28.08.2023)

Dommaravdeling 2

Rolf Strøm (lagmann, avdelingsleiar)
Jon Atle Njosen (slutta 30.06.2023)
Wiggo Storhaug Larssen
Margareth Christophersen
Carl Petter Martinsen
Ole- Arne Linga
Arne Henriksen
Torstein Frantzen
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathen
Kai Ove Roseth
Vidar Bergtun (jordskiftelagdommar)
Beate Blom
Ingrid Kjeldstad Gullaksen
Elisabeth Deinboll
Bjarte Askeland (permisjon frå 01.08.2023)
Stig Åkenes Johnsen

Konstituerte lagdommarar

Katrine Knudsen Mæle (frå 01.09.2023)
Ørnulf Øyen (frå 13.03.2023 til 19.06.2023)

Ekstraordinære- og ressursgruppedommarar

Rune Fjeld
Jørn Ree
Hanne Sophie Greve
Svein Åge Skålnes
Per Annstein Aarvik
Martin Tenold (frå 30.05.2023)
Berit Moldskred Mo (frå 01.08.2023)





Utgreiarar

Linn Tordal Halvorsen (nestleiar)
Ole-Bjørn Aase
Line Djupvik Andersen (slutta 04.10.2023)
Siri Nyhus Kolbjørnsen (slutta 30.08.2023)
Helene Frich Hanøy
Laila Pedersen Kaland
Kamilla Hessevik Paulsen
Rebekka Søvik (frå 01.09.2023)
Pia Schjøtt (vikar frå 01.09.2023)

Administrasjon/sekretariat

Kari Tepstad Utvær (direktør)
Henriette Hinna (sekretariatsleiar)
Espen A. Husby (sikkerheitssjef)
Siv Dyrkolbotn
Lena Osberg Fauskanger
Anne Gurine Geurts-Hansen (Stavanger – frå 04.12.2023)
Helga Herfindal
Tonje Jerstad
Sarah L. Kristiansen (Stavanger – slutta 31.10.2023)
Henriette Bergli Lillestøl
Linda M. Moen (slutta 31.12.2023)
Line Skare Morchmann (frå 19.06.2023)
Cornelia Helen Ohr
Tonje Olsnes

Alice Hatlelid Opdahl
Sofie Thomassen Povia (slutta 26.02.2023)
Svanhild Kristin Røgenes (Stavanger)
Line L. Steffensen
Simona Svetlosakova
Therese Sveinbjørnsson
Janicke K. Vognstølen
Tore Ervik
Gabor Matthias De Groot
Marie Helgesen Heibø (studentvikar frå 13.04.2023)
Ole Ludvig Indahl (studentvikar frå 08.08.2023)
Hanna Finne (studentvikar slutta 28.02.2023)
Kaja Sawczuk (studentvikar slutta 08.06.2023)
Ilva J. Aatangen (studentvikar, slutta 31.08.2023)
Jatin J. Patel (studentvikar slutta 31.08.2023)

IKT

Niklas Haldorsen
Linus Abrahamsen (lærling/vikar frå 23.08.2023)

Rettsbetjentar

Tom Landa (Stavanger)
Jan Terje Strand (Stavanger)
Geir Lussand (Bergen)
Kjetil Sortland (Bergen)
Ove Johannessen (til 30. juni 2023)

**Jordskifterettane
i lagdømet**

• Rettssted
— Lagmannsrett
— Jordskifterett
Målestokk 1:600 000



Gulating lagdøme

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. I tillegg til Gulatingbygget i Bergen, har me faste kontor og faste rettslokale i Stavanger og Haugesund. Me sett òg rett andre stader i lagdømet etter behov.

Lagmannsretten er ankedomstol for sivile saker og straffesaker, og er førsteinstansdomstol for overprøving av saker som er avgjort i Trygderetten og av Konkurranseskjennemnda. Lagmannsretten handsamar òg overskjønn og anke over avgjerder frå jordskifte-rettane.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2023 til saman 1 138 555 innbyggjarar, som fordelte seg slik på dei to fylka i lagdømet:

Rogaland 492 350
Vestland 646 205

I fylka er det til saman 66 kommunar.

Gulating lagmannsrett er ankedomstol for følgjande tingrettar:

- Sogn og Fjordane tingrett
- Hordaland tingrett
- Haugaland og Sunnhordland tingrett
- Sør-Rogaland tingrett

Gulating lagmannsrett er ankedomstol for følgjande jordskifterettar:

- Sogn og Fjordane jordskifterett
- Hordaland jordskifterett
- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Sør-Rogaland jordskifterett

Gulating lagmannsrett
Postadresse: Postboks 7414, 5020 Bergen
Besøksadresse: Gulatingss plass 1
Telefon Bergen: 55 69 39 00

Besøksadresse: Stavanger
Bergelandsgata 10, Stavanger tinghus
Epost: gulating.lagmannsrett@domstol.no
www.domstol.no/gulating